

Utval: Utval for miljø og samferdsel
Møtestad: Fylkesutvalsalen, møterom 367 i fylkeshuset, Bergen
Dato: 28.04.2016
Tidspunkt: 11:00-15.40

Følgjande faste medlemmer møtte:

Namn	Funksjon	Parti	Merknad
Synnøve Solbakken	Medlem	A	
Atle Kvåle	Medlem	A	
Roald Kvamme	Medlem	A	
Per Lerøy	Medlem	A	
Svein Halleraker	Medlem	H	
Stein Inge Ryssdal	Medlem	H	
Gustav Bahus	Medlem	Frp	
Renate Møgster Klepsvik	Medlem	Frp	Til kl. 15.30
Astrid Aarhus Byrknes	Medlem	KrF	
Natalie Antonia Golis	Medlem	MDG	Til kl. 15.30
Nils T. Bjørke	Leiar	Sp	
Marthe Hammer	Nestleiar	SV	

Følgjande medlemer hadde meldt forfall:

Namn	Funksjon	Parti
Jon Askeland	Medlem	Sp
Geir Angeltveit	Medlem	V
Kirsten Syljaset	Medlem	H

Følgjande varamedlemer møtte:

Namn	Møtte for	Parti
Mette Heidi Bergsvåg Ekrheim	Jon Askeland	Sp
Torstein Gunnarson	Geir Angeltveit	V
Silja Ekeland Bjørkly	Kirsten Syljaset	H

Frå administrasjonen møtte:

Namn	Stilling
Thorbjørn Aarethun	Seksjonsleiar/stedfortredar for fylkesdirektør samferdsel
John Martin Jacobsen	Seksjonsleiar vegseksjonen
Rolf Rosenlund	Seksjonsleiar forvaltningsseksjonen
Oddmund Sylta	Direktør Skyss
Olav Finne	Avdelingsdirektør Statens vegvesen
Kaisa Tonheim Banne	Rådgjevar Statens vegvesen
Gro Stien Thorvaldsen	Seniorrådgjevar fylkessekretariatet

Gro Stien Thorvaldsen
sekretær

Sakliste

Utvalls- saknr	Innhald	Arkiv- saknr	U.Off.
PS 47/16	Godkjenning av innkalling og sakliste		
PS 48/16	Godkjenning av møtebok førre møte		
PS 49/16	Referatsaker (meldingar)		
RS 33/16	Arna-Bergen. Takstsamarbeid med NSB	2016/4166	
RS 34/16	Oversendingsforslag frå Utval for miljø og samferdsel	2016/412	
RS 35/16	Eventuell bygging av ny fylkesveg Åsen - Helleskaret i Os kommune	2016/2024	
RS 36/16	Svar på spørsmål om transport til flyplassen i perioden til nytt terminalbygg står klart	2016/412	
RS 37/16	Asfaltprogrammet fylkesvegar 2016	2016/4157	
RS 38/16	Belønningsordningen - Bergen - svar på søknad om ekstra midler	2014/10571	
RS 39/16	Belønningsordningen - Bergen - utbetaling av midler 2016	2014/10571	
RS 40/16	Svar på oversending - statens evaluering av superbussprosjektet	2016/412	
RS 41/16	Prøveordning om utbygging av gang- og sykkelvegar på kommunalt og fylkeskommunalt vegnett etter forenkla standard	2015/12737	
RS 42/16	Kunngjorte konkurranser om drift av fylkesvegferjesamband	2014/19309	
PS 50/16	Prinsippsak - delvis bompengefinansiering av Sotrasambandet	2014/1015	
PS 51/16	Beredskapsanalyse for brusambanda rundt Bergen med høyringsinnspel	2014/17909	
PS 52/16	Søknad frå Austrheim kommune om tilskot til forlenging av båtruta i Øygarden	2016/4128	
PS 53/16	Statusendring av veg fv. 7 utanfor Lussanberget i Granvin herad	2016/1085	
PS 54/16	Evaluering av drosjeverksemda i distrikta i Hordaland	2015/11689	
PS 55/16	Ruteendring i Bergensområdet haust 2016 og bruk av auka budsjetttrammer	2014/278	
PS 56/16	Søknad frå Tide Buss AS om løyve for bussrute på strekninga Bergen - Stavanger	2016/3018	
PS 57/16	Infrastruktur for mottak av biogass på Mannsverk	2016/4103	
PS 58/16	Brukarkvotar i Transportordninga for funksjonshemma	2016/840	
PS 59/16	Årsmelding for fylkesvegane i Hordaland og Bergensprogrammet	2014/505	
PS 60/16	Ymse		

PS 47/16 Godkjenning av innkalling og sakliste

Saksprotokoll i utval for miljø og samferdsel - 28.04.2016

Stein Inge Ryssdal (H) gjorde merksam på at møteinnkallinga mangla møtestad.

Vedtak

Innkallinga vart godkjend utan merknader.

Saklista vart godkjend utan merknader.

PS 48/16 Godkjenning av møtebok førre møte

Saksprotokoll i utval for miljø og samferdsel - 28.04.2016

Vedtak

Møteprotokollen frå møte 07.04.2016 vart godkjent utan merknader.

PS 49/16 Referatsaker (meldingar)

Saksprotokoll i utval for miljø og samferdsel - 28.04.2016

Roald Kvamme (A) stilte spørsmål ved innhaldet i RS 33/16 "Arna-Bergen. Takstsamarbeid med NSB". Eit samla utval bad den politiske og administrative leiinga i fylkeskommunen om å leggje trykk på departementet for å få fortgang i saka.

I samband med RS 42/16 "Kunngjorte konkurranser om drift av fylkesvegferjesamband" spurde **Marthe Hammer (SV)** om støtte frå NOX-fondet vert aktuelt seinare i prosessen. Direktøren for Skysstadsfesta stadfesta dette.

PS 50/16 Prinsipp sak - delvis bompengefinansiering av Sotrasambandet

Forslag til innstilling

1. Fylkestinget er positiv til å delfinansiera utbygginga av Rv. 555 Storavatnet – Kolltveit, Sotrasambandet, med bompengar.
2. Fylkestinget sluttar seg til prinsippa for delvis bompengefinansiering av Sotrasambandet som skildra i notat av 3.2.2016, kap. 2.1 - med tilrådd plassering av bomstasjonar/bomsnitt etter prinsipp 3, dvs. tovegs bompengeneinkreving i snittet mellom Bergen og Sotra, med bomstasjonar på nye og gamle Sotrabrua, med same taksnivå i begge punkta og ordinære rabattordningar i tråd med gjeldande retningslinjer. Fylkestinget ber om at desse føresetnadene vert lagt til grunn for utarbeiding av endeleg bompengesøknad.

Saksprotokoll i utval for miljø og samferdsel - 28.04.2016

Marthe Hammer (SV) sette fram slikt forslag:

"Tillegg:

3. Endeleg framlegg til bompengesatsar vert fremja først når det er klart om planprogrammet er i tråd med Stortinget sitt klimaforlik med gjennomgåande kollektivtrasé og muligheit for skinnegåande transport.
4. Fylkesutvalget er åpen for, og ønskjer velkommen, nye og smartare modellar for å bygge og vedlikehalde veg, slik at vi får meir effektiv vegbygging og effektivt vedlikehald. Fylkesutvalet er imidlertid skeptiske til at Sotrasambandet skal verte bygd ut som ei OPS-utbygging. OPS er ikkje ein framtidsretta og moderne måte å finansiere

samferdselsprosjekt på. Privat lånefinansiering av veg er dårleg forvaltning av fellesskapets pengar, og privat finansiering av offentlige vegar gir større finanskostnader som til sjuande og sist må verte betalt av fellesskapet."

Renate M. Klepsvik (Frp) sette fram slikt forslag:

"Alternativ:

Fylkestinget er positiv til utbygginga av Rv 555 Storavatnet-Kolltveit Sotrasambandet.

Fylkestinget ser ikkje at nokon av dei tre skisserte alternativa er tenlege for prosjektet. Sotrasambandet er viktig i nasjonalt perspektiv, og fylkeskommunen må syta for at auka statleg finansiering sikrar fullfinansiering av Sotrasambandet."

Røysting

Fylkesrådmannen sitt forslag vart vedteke som innstilling til fylkesutvalet med 13 røyster mot 2 røyster (FrP) for Klepsvik sitt forslag.

Hammer sitt forslag punkt 3 fekk 3 røyster (SV, MDG, V) og fall.

Hammer sitt forslag punkt 1 fekk 1 røyst (SV) og fall.

Innstilling til fylkesutvalet

1. Fylkestinget er positiv til å delfinansiera utbygginga av Rv. 555 Storavatnet - Kolltveit, Sotrasambandet, med bompengar.
2. Fylkestinget sluttar seg til prinsippa for delvis bompengefinansiering av Sotrasambandet som skildra i notat av 3.2.2016, kap. 2.1 - med tilrådd plassering av bomstasjonar/bomsnitt etter prinsipp 3, dvs. tovegs bompengeneinkreving i snittet mellom Bergen og Sotra, med bomstasjonar på nye og gamle Sotrabrua, med same takstnivå i begge punkta og ordinære rabattordningar i tråd med gjeldande retningslinjer. Fylkestinget ber om at desse føresetnadene vert lagt til grunn for utarbeiding av endeleg bompengesøknad.

PS 51/16 Beredskapsanalyse for brusambanda rundt Bergen med høyringsinnspel

Forslag til innstilling

1. Fylkesutvalet ser på Beredskapsanalysen for brusambanda rundt Bergen som eit viktig bidrag i oppfølginga av fylkeskommunen sitt ansvar for sivil transportberedskap i fylket.
2. Fylkesutvalet støttar fylkesrådmannen sine merknader til høyringsinnspela, og tek beredskapsanalyse for brusambanda rundt Bergen til orientering.
3. Fylkesutvalet legg til grunn at den vidare oppfølginga av beredskapsanalyse for brusambanda rundt Bergen vert gjort i samarbeid med aktørane i kontaktmøtet for sivil transportberedskap i fylket.

Saksprotokoll i utval for miljø og samferdsel - 28.04.2016

Marthe Hammer (SV) sette fram slikt forslag:

"Tillegg:

For beredskap knytt til hendingar på brusamband rundt Bergen (Nordhordalandsbrua, Sotrabrua, Askøybrua, Osterøybrua) legg fylkesutvalet til grunn at dei fire øyene til sambandet skal ha minst eit permanent ferje- eller skysstilbod med god kapasitet som er i drift eller der god infrastruktur er lett å ta i bruk."

Røysting

Det var 14 representantar til stades.

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet.

Hammer sitt forslag fekk 3 røyster (SV, V, MDG) og fall.

Innstilling til fylkesutvalet

1. Fylkesutvalet ser på Beredskapsanalysen for brusambanda rundt Bergen som eit viktig bidrag i oppfølginga av fylkeskommunen sitt ansvar for sivil transportberedskap i fylket.
2. Fylkesutvalet støttar fylkesrådmannen sine merknader til høyringsinnspela, og tek beredskapsanalyse for brusambanda rundt Bergen til orientering.
3. Fylkesutvalet legg til grunn at den vidare oppfølginga av beredskapsanalyse for brusambanda rundt Bergen vert gjort i samarbeid med aktørane i kontaktmøtet for sivil transportberedskap i fylket.

PS 52/16 Søknad frå Austrheim kommune om tilskot til forlenging av båtruta i Øygarden

Forslag til innstilling

Fylkesutvalet finn ikkje å kunne gje stønad til forlenging av båtruta Hellesøy – Hernar – Sulo til Fedje.

Saksprotokoll i utval for miljø og samferdsel - 28.04.2016

Astrid Aarhus Byrknes (KrF) sette på vegner av KrF, Sp, SV, A, V, MDG, Frp og H fram slikt forslag:

"Fylkesutvalet ser positivt på initiativet om forlenging av båtruta i Øygarden. Dette er eit godt reiselivsprosjekt samt at det fell godt under kollektiv-/sykkelstrategien i Hordaland. Fylkesutvalet vil likevel vise til at denne satsinga er noko ein må kome attende til under budsjetthandsaminga for 2017."

Røysting

Byrknes sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet.

Innstilling til fylkesutvalet

Fylkesutvalet ser positivt på initiativet om forlenging av båtruta i Øygarden. Dette er eit godt reiselivsprosjekt samt at det fell godt under kollektiv-/sykkelstrategien i Hordaland. Fylkesutvalet vil likevel vise til at denne satsinga er noko ein må kome attende til under budsjetthandsaminga for 2017.

PS 53/16 Statusending av veg fv. 7 utanfor Lussanberget i Granvin herad

Forslag til innstilling

Fylkesutvalet vedtek at heile gamlevegen fv. 7 frå nytt kryss vest for Lussand til nytt kryss ved Beggevik vert klassifisert som arm til fv. 7 med eigen HP, og vil fortsatt vera i fylkeskommunal eiga. Veggen til eigedommane på Lussandsida vert halden open heile året, medan resten av veggen vert vinterstengd.

Saksprotokoll i utval for miljø og samferdsel - 28.04.2016

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet.

Innstilling til fylkesutvalet

Fylkesutvalet vedtek at heile gamlevegen fv. 7 frå nytt kryss vest for Lussand til nytt kryss ved Beggevik vert klassifisert som arm til fv. 7 med eigen HP, og vil fortsatt vera i fylkeskommunal eige. Veggen til eigedommane på Lussandsida vert halden open heile året, medan resten av veggen vert vinterstengd.

PS 54/16 Evaluering av drosjeverksemda i distrikta i Hordaland

Forslag til innstilling

1. Fylkesutvalet tek evalueringa til etterretning og legg til grunn at talet på aktive drosjeløyve i distrikta er i samsvar med etterspurnaden.
2. Fylkesutvalet oppmodar næringa til å rekruttera kvinner som løyvehavarar og sjåførar.
3. Fylkesutvalet godkjenner at inaktive løyve som ikkje har vore kunngjort ledige dei siste 5 åra vert sletta frå løyveregisteret.

Saksprotokoll i utval for miljø og samferdsel - 28.04.2016

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet.

Innstilling til fylkesutvalet

1. Fylkesutvalet tek evalueringa til etterretning og legg til grunn at talet på aktive drosjeløyve i distrikta er i samsvar med etterspurnaden.
2. Fylkesutvalet oppmodar næringa til å rekruttera kvinner som løyvehavarar og sjåførar.
3. Fylkesutvalet godkjenner at inaktive løyve som ikkje har vore kunngjort ledige dei siste 5 åra vert sletta frå løyveregisteret.

PS 55/16 Ruteendring i Bergensområdet haust 2016 og bruk av auka budsjетtrammer

Forslag til innstilling

Tiltak for dei auka budsjетtrammene for kollektivdrift i 2016 er i tråd med Kollektivstrategi for Hordaland og utgjer eit ytterlegare løft for kollektivtrafikken i Bergensområdet.

Saksprotokoll i utval for miljø og samferdsel - 28.04.2016

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet.

Innstilling til fylkesutvalet

Tiltak for dei auka budsjетtrammene for kollektivdrift i 2016 er i tråd med Kollektivstrategi for Hordaland og utgjer eit ytterlegare løft for kollektivtrafikken i Bergensområdet.

PS 56/16 Søknad frå Tide Buss AS om løyve for bussrute på strekninga Bergen - Stavanger

Forslag til innstilling

1. Fylkesutvalet godkjenner søknad av 03.03.16 frå Tide Buss AS om løyve for bussrute på strekninga Bergen - Stavanger, på vilkåra skildra i innstilling til fylkesutvalet punkt 3-5.
2. Løyvet gjeld til 19.05.2026.
3. Løyvet gjeld ikkje for lokaltransport på strekninga Bergen - Halhjem.
4. Lokaltransport i Rogaland og rutetrasé som vert nytta i Rogaland skal vere godkjent av Rogaland fylkeskommune eller Kolumbus AS.
5. Materiellet som vert nytta i rutedrifta skal ha Euro VI-motor. Materiell som seinare vert kjøpt inn til

rutedrifta skal oppfylle den til ei kvar tid gjeldande norske avgasstandarden.

Saksprotokoll i utval for miljø og samferdsel - 28.04.2016

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet.

Innstilling til fylkesutvalet

1. Fylkesutvalet godkjenner søknad av 03.03.16 frå Tide Buss AS om løyve for bussrute på strekninga Bergen - Stavanger, på vilkåra skildra i innstilling til fylkesutvalet punkt 3-5.
2. Løyvet gjeld til 19.05.2026.
3. Løyvet gjeld ikkje for lokaltransport på strekninga Bergen - Halhjem.
4. Lokaltransport i Rogaland og rutetrasé som vert nytta i Rogaland skal vere godkjent av Rogaland fylkeskommune eller Kolumbus AS.
5. Materiellet som vert nytta i rutedrifta skal ha Euro VI-motor. Materieil som seinare vert kjøpt inn til rutedrifta skal oppfylle den til ei kvar tid gjeldande norske avgasstandarden.

PS 57/16 Infrastruktur for mottak av biogass på Mannsverk

Forslag til innstilling

Fylkesutvalet godkjenner at HFK Bussanlegg Mannsverk AS investerer i kompressorlegg for mottak av komprimert biogass. Investeringa er estimert til 8,5 MNOK.

Saksprotokoll i utval for miljø og samferdsel - 28.04.2016

Roald Kvamme (A) sette på vegner av A, Sp, KrF, SV og Frp fram slikt forslag (a):

"Tillegg:

2. Det skal utarbeidast ein strategi for auka og bruk av biogass i kollektivtransporten i Hordaland.
3. Hordaland fylkeskommune skal ta initiativ til eit samarbeid med kommunar, næringsliv, landbruksorganisasjonar og andre interesseorganisasjonar for å auka produksjon og bruk av biogass."

Kvamme trekte forslaget sitt.

Roald Kvamme sette på vegner av A, KrF, Sp, SV, V, MDG, Frp og H fram slikt forslag (b):

"Tillegg:

2. Fylkesutvalet ber fylkesrådmannen starte arbeidet med ein strategi for auka bruk av biogass i kollektivtransporten i Hordaland med sikte på handsaming seinast innan desember 2016.
3. Hordaland fylkeskommune skal ta initiativ til eit samarbeid med kommunar, næringsliv, landbruksorganisasjonar og andre interesseorganisasjonar for å auka produksjon og bruk av biogass."

Røysting

Fylkesrådmannen sitt forslag med Kvamme sitt forslag (b) vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet.

Innstilling til fylkesutvalet

1. Fylkesutvalet godkjenner at HFK Bussanlegg Mannsverk AS investerer i kompressorlegg for mottak av komprimert biogass. Investeringa er estimert til 8,5 MNOK.

2. Fylkesutvalet ber fylkesrådmannen starte arbeidet med ein strategi for auka bruk av biogass i kollektivtransporten i Hordaland med sikte på handsaming seinast innan desember 2016.
3. Hordaland fylkeskommune skal ta initiativ til eit samarbeid med kommunar, næringsliv, landbruksorganisasjonar og andre interesseorganisasjonar for å auka produksjon og bruk av biogass.

PS 58/16 Brukarkvotar i Transportordninga for funksjonshemma

Forslag til innstilling

1. Fylkesutvalet tek saka til orientering.
2. Fylkesutvalet ber om ei sak om arbeidsreiseordninga.

Saksprotokoll i utval for miljø og samferdsel - 28.04.2016

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet.

Innstilling til fylkesutvalet

1. Fylkesutvalet tek saka til orientering.
2. Fylkesutvalet ber om ei sak om arbeidsreiseordninga.

PS 59/16 Årsmelding for fylkesvegane i Hordaland og Bergensprogrammet

Forslag til innstilling

Fylkestinget tek Årsmelding til Bergensprogrammet 2015 og Årsmelding for fylkesvegane i Hordaland 2015 til orientering.

Saksprotokoll i utval for miljø og samferdsel - 28.04.2016

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet.

Innstilling til fylkesutvalet

Fylkestinget tek Årsmelding til Bergensprogrammet 2015 og Årsmelding for fylkesvegane i Hordaland 2015 til orientering.

PS 60/16 Ymse

Saksprotokoll i utval for miljø og samferdsel - 28.04.2016

Styreleiar i NHO Transport Hordaland, **Ronny Paulsen** og næringspolitisk sjef i NHO Transport, **Jofri Lunde** orienterte om NHO Transport og korleis operatørselskapa kan bidra til målet om kraftig auke i talet på reisande med kollektivtrafikk.

Direktør i Skyss, **Oddmund Sylta** orienterte om, opning av Bybanen, byggjetrinn 3, rutetabellar og eventuell streik i bussbransjen.

Avdelingsdirektør i Statens Vegvesen, **Olav Finne**, orienterte om raset på Rv 13 i Granvin 27.04.2016 og bussbrannen i Løvstakktunnelen 23.04.2016.

Sakene vart behandla i slik rekkjefølgje: PS 50-59/16.

INNSENDE SPØRSMÅL

Synnøve Solbakken (A) hadde sendt inn slikt spørsmål:

"Gjeld rutehefte ferjer og snøggbåtar Hordaland
Fylkeseldrerådet hadde møte i dag 14. april der spørsmål om kvifor slutt på rutehefter?"

Det er kome fleire tilbakemeldingar til rådet om spesielt eldre som ikkje får rutehefte tilsendt lenger men blir vist til Skyss for å få tilsendt hefte. Det er ei stor ulempe og gjer kvardagen vanskeleg for folk og då spesielt dei eldre og andre som ikkje nyttar seg av PC/ data, det er mange av dei framleis.

Fylkeseldrerådet oppmoda sterkt om framleis å gjera ruteheftet meir tilgjengeleg for dei reisande."

Stedfortredar for fylkesdirektør samferdsel svarte slik:

"Rutehefte er framleis å finne om bord på ferjer og snøggbåtar. Frå hausten 2016 vil det i tillegg bli mogleg å bestille rutehefte heim i posten via skyss.no eller ved å ringe 177. Skyss kjenner ikkje til at det tidlegare skal ha vore praksis å sende ut rutehefte for ferjer og snøggbåtar til privatpersonar.

Skyss viser elles til møte med fylkeseldrerådet i april 2015, der ein gjorde greie for planane for å fase ut trykte rutehefte for buss. Frå sommar- og haustrutene 2016 vil ein ikkje lenger finne trykte rutehefte om bord på bussane i Hordaland, men det vert lagt til rette for at ein skal kunne bestille rutehefte eller utskrift av rutetider heim i posten via skyss.no eller ved å ringe 177."

Marthe Hammer (SV) hadde sendt inn slikt spørsmål:

"Bro over Ytrebygdsveien
Se vedlagte foto av en stengt gang- og sykkelbro over Ytrebygdsveien, tatt for et par uker siden. Det er vår, "sykle til jobben"- aksjonen har startet, mange har tatt fram sykkelen, da er det flere som spør hvorfor en slik bro er stengt.

Spørsmål:

- Hvorfor er broen stengt?
- Hva må til for å åpne broen for syklende og gående?"

Stedfortredar for fylkesdirektør samferdsel svarte slik:

"Dette er fortsettelsen av miljøgaten fra Kokstadveien, ned til det nye Aibel-bygget og broen videre over Ytrebygdsvegen som leder til det som bildet viser: Gammelt jordbruksland – eller nytt byggeland, som p.t. eies av Rieber. Det er altså en framtidig tilkomst til et område som skal bebygges.

Broen er p.t. ikke overlevert fordi Statens vegvesen og Bergen kommune har ulike oppfatninger om eierskap. Vi heller til at Bergen kommune er rette eier, og vil fortsette prosessen for å få overlevert.

Dette er den direkte årsaken til at bro- og tilkomstveien på østsiden er stengt – altså at vi som utbygger ikke har et apparat bak for å drifte veien.

Det som må til for å få åpnet, er antagelig at broen leveres til en framtidig eier som ivaretar driftsansvaret videre."

Gustav Bahus (Frp) hadde sendt inn slikt spørsmål:

"Kapasitet på sambandet Jondal - Tørvikbygd
No går "Gloppen" for "Etne" når den er på verkstad, Gloppen har sløkkeanlegg og tar 20 pbe. meir enn "Etne".

Ifølgje fartøysjefen blir det meir farleg last på sambandet framover med dertil gjenstående bilar hvis Etne blir gåande. Sommaren 2015 var det mykje gjenstående bilar med ca. 800 pbe. i juli.

Trafikken er aukande på sambandet og det blir nok ikkje mindre i sommar. Det har vore snakk om prøveordning med to ferjer sommaren 2016. Å få Gloppen no i sommar hadde vore ei stor forbetring. Er dette mogeleg?"

Stedfortredar for fylkesdirektør samferdsel svarte slik:

"Sambandet Jondal - Tørvikbygd har dei siste åra hatt jamn trafikkvekst. Det er ferja M/F Etne som trafikkerer sambandet fast. Denne ferja har som kjent ikkje godkjent sløkkeanlegg, noko som ved frakt av farleg last vil medføre avgrensing i talet på bilar.

Hittil i år (pr. mars) har det vore ein trafikkvekst på 6,5 % med 13 fleire attståande køyretøy enn tilsvarande i fjor (påske i mars i år og april i 2015).

Det vert foreslått å nytte M/F Gloppen på sambandet i sommarsesongen for å få ei ferje med auka kapasitet samt godkjent sløkkenanlegg. Dette ville truleg vore ei god løysing å møte sommarsesongen med.

Skyss har vore i kontakt med Norled, og dei opplyser at M/F Gloppen er bunden opp i andre oppdrag denne sommaren, noko som ekskluderer ei slik løysing. Skyss vil etter sommarsesongen 2016 vurdere saka på nytt, med eventuell justering for neste sommarsesong."

YMSE

I samband med behandling av PS 58/16 "Brukarkvotar i Transportordninga for funksjonshemma" bad **utvalsleiaren** om at administrasjonen gjev ei djupare orientering om ordninga i neste møte.

Natalie Golis (MDG) ynskjer ei utgreiing/strategi for korleis kollektivtrafikken skal gjerast dieselfri/nullutslepp innan 2025 i samsvar med fylkestinget sine planar for å oppnå vedtekne miljø- og klimamål. Den må innehalde ein konkret plan for korleis dette målet skal realiserast både teknisk og ikkje minst økonomisk for all busstransport, ferjer og snøggåtar. Bybanen og trolleybussen si rolle i strategien må også klargjerast. Det bør også vere ein eigen strategi for auka produksjon og bruk av biogass.

Renate M. Klepsvik (FrP) stilte slikt spørsmål:

"Kva er vår reelle moglegheit i utval for miljø og samferdsel til å påverke frekvens og talet på avgangar på ferjestrekka for neste anbodsperiode, som no ligg ute for konkurranse?"

Administrasjonen vil kome attende med svar i neste møte.

Atle Kvåle (A) etterspurde status for arbeidet med regionale bompengeselskap. Stedfortredar for fylkesdirektør samferdsel svarte at det har vore godt samarbeid med andre fylkeskommunar. Det vert lagt fram sak om regionale bompengeselskap i utvalet sitt møte 2. juni. Saka skal endeleg behandlast av fylkestinget i juni.

Til same problemstilling kommenterte **Stein Inge Ryssdal (H)** at mange representantar vil vere ugilde fordi dei er styremedlemer i bompengeselskap. Han spurde om administrasjonen vil kalle inn varamedlemer automatisk. Utvalsleiaren svarte at den enkelte sjølv må melde seg ugild.